

Åsane

TEMA: Tettstedene ①10, Frå tjoðveg til riksveg ①84
KART: ④40, ④46

SALHUS har vore eit knutepunkt for ferdslе på sjøen langt attover i tid. Namnet kjem truleg av det gammalnorske ordet *sálubús*; «bus for ferdafolk». Namnet kan tyda på at dette var ein gjestgjevarstad alt i mellomalderen. Staden ligg høveleg til ved leia til og frå Bergen. For reisande med båt frå Sogn og Nordbordland var Salhus siste stopp før Bergen. Reisande frå Vossebygdene kom også denne vegen tidlegare når dei skulle til Bergen.



D/S «SEIMSTRAND» ved kai i Salhus kring 1906.

Første gong skriftlege kjelder nemner Salhus som gjestgjevarstad, er i byrjinga av 1700-talet. På tinget i Arne skipreide spurde futen om det var «noget Kræmmer eller Borgersæde i Skibredet». Svaret var nei, men det vart likevel drive litt utskjenking ved det gamle gjestgjeveriet, til dei mange reisande. «*A sitja i Salhus*» var eit munnhell for dei som kom frå Osterfjorden og Voss. Fjorden var ikkje lett å passera når vinden stod imot.

I 1840 busette fargar HANS FOSSMARK

seg i Salhus og dreiv ei fargeriverksemd som etter kvart vart ganske omfattande. Det var likevel først frå 1859, etter at SALHUS TRICOTAGEFABRIK var starta opp, at staden tok til å veksa. Fabrikken var ein av dei aller første trikotasjefabrikane som vart skipa i Noreg. Alt i 1860 stod den første arbeidarbustaden ferdig og i 1865 den neste. Samstundes vart fabrikkens påbygd. Skulehus vart bygt i 1878 og Salhus utvikla seg no til eit industrisamfunn med tekstilindustrien som det berande elementet.

«DEN TRONDHJEMSKE POSTVEI»

Postsambandet Bergen – Molde – Trondheim vart eit fast samband frå 1786. Vegen frå Bergen til Hordvik er ein del av Trondheimsvegen; sett i stand som køyreveg gjennom generalvegmeister von Kroghs store program for opprusting av veganlegga vestafjells mellom 1780 og 1804. Det var postgardar på Rolland og Hordvik i Åsane. Frå Hordvik gjekk posten i båt over fjorden til Isdalstø, til postbonden på Isdal. Her vart posten ført vidare til Seim og nordover til Lotrebogane ved Lurefjorden i Lindås; over fjorden til postgarden på Hundvin og nordover mot vågseidet og Fanebust ved Fensfjorden.

Postvegen frå Munkebotn i Sandviken og nordover gjennom Åsane er den traseen som er best i stand av dei gamle vegane ut frå Bergen. Dette er ein fin tur. Over Eidsvåg fjellet kan vi gå samanhengande på den gamle postvegen, som er i bra stand, med velbygde gråsteinsmurar. Vegen passerer Garpetjønn, ned Kistekleiva og går vidare gjennom Glaskaret – skaret der sola går ned, «glar», – til Rolland og vidare til Hundvin. I dag går hovudvegen nordover – gjennom Glaskartunnelen.

Rytter på «Den Trondhjemske postvei» ved Munkebotn ovanfor Hegreneset. Kolort litografi, 1840-åra.



Det er lite att av industriverksemda i Salhus i dag, men dei gamle fabrikkbygningane, med arbeidarbustader og fabrikkskule, står framleis intakte. Det som peikar framover, er at det er under etablering eit trikotasjemuseum og tekstilsenter i dei gamle fabrikkbygningane: NORSK TRIKOTASJEMUSEUM. Dette er no ein del av MUSEUMSSENTERET i Hordaland, som også gjev plass til BEVARINGSTENESTA – eit felles konserveringsatelier for alle musea.